

**Bokkveld i kyrkja**

LINDÅS: Kveldane er lange og mørke for tida, og kva er då meir naturleg enn å kosa seg med god litteratur? Komande mandag inviterer Osterfjorden Sokneråd til bokkveld i Osteridet kyrkje, straks etter Vestlandsrevyen. Bok og Media deltar. Gjer du?

**Kulturskuleplassar**

MELAND: Det kan verta ledige kulturskuleplassar i Meland i alle disiplinar frå 1. januar neste år. Særleg gjeld dette gruppetilbod som dans, visuell kunst, teater og grunnkurs. Det kan også verta ledige plassar innan musikkdisiplinane.

**Dynaplan-gaseller**

RADØY: Radøy-verksemda Dynaplan AS er på Dagens Næringsliv si Gaselleliste for 2012. Dette er i klartekst ei liste over dei raskast veksande verksemdene i Norge. Verksemda er også nominert til Gaselleprisen 2012, melder kommunen.

**Nyttig om krise og sorg**

MASFJORDEN: Fagforbundet i Masfjorden tok initiativ til kurs om menneske i krise og sorg, og førte veke kom John Grimsby til kommunehuset for å fortelja. På kommunen sine nettsider vert kurset omtala som nyttig og inspirerende.

Liegruppen vil sikra elva

MELAND: Liegruppen gjer alt dei kan for å sikra Mjåtveitelva. – Ei viktig oppgåve, seier dagleg leiar i Mjåtveit Næringspark, Lene Haug.

IRENE BRATTENG JENSEN
irene.jenssen@nordhordland.no

Mjåtveitelvens forening har i mange år kjempa for elvemuslingane i Mjåtveitelva. Fredag var to representantar frå Mjåtveitelvens forening, to representantar frå Liegruppen og ein biolog på inspeksjon ved fangdammane på industriområdet til Liegruppen. No vil Liegruppen gjera det som trengs for å sikra avrenninga frå området.

Fangdam

– Vi har ei viktig oppgåve med å forhindra at det vert kvalitetsmessige endringar i vassmiljøet, seier dagleg leiar i Mjåtveit Næringspark, Lene Haug.

Dei har laga ein akvatisk reinseparak bestående av tre fangdammar, der både utfelling og opptak av uønska partiklar kan finna sted.

– I dag har vi sett på ytterlegare tiltak der vi ønskjer å laga ein fjerde fangdam lengst søraust i planområdet, seier Haug til Nh.

Ho synest det er gledeleg at alle partar no er samde om at med dette siste tiltaket, er dei i mål med etableringa av ein optimal akvatisk reinseparak.

– Godt samarbeid

– Vi er veldig fornøgd med det gode samarbeidet vi har med Mjåtveitelvens forening, Meland Kommune, Fylkesmannen og Rådgivende Biologer, seier ho.

Ho meiner den tette dialogen og konstruktive tilnærminga, med fleire befaringar og informasjonsdeling, gjer at dei no er sikra gode løysingar.

Skal laga ein fjerde fangdam i Mjåtveitelva



FANGDAM F.v: Frode Tufta frå Mjåtveitelvens forening, Kjetil Tufta frå Mjåtveitelvens forening, dagleg leiar for Mjåtveit Næringspark, Lene Haug, prosjektleiar i Mjåtveit Næringspark, Arne Kristiansen og biolog ved Rådgivende Biologer AS, Geir Helge Johnsen ved ein av fangdammane i Mjåtveitelva.

– Vi i Liegruppen er svært opptatt av ei bærekraftig tilnærming til næringsutvikling, i tett samarbeid med natur og biomangfald i områda rundt, seier ho.

– Det er fantastisk

– Vi har kjempa for Mjåtveitelva i fleire år, og visst Liegruppen

held det dei har sagt i dag, er det heilt fantastisk, seier Frode Tufta, frå Mjåtveitelvens forening.

– Det er positivt å sjå at Liegruppen er engasjert i elva. No har også Meland kommune byrja å forstå alvoret, og dei er på lag med oss i foreninga. Sjølv om dette har kosta oss mange årsarbeid,

er vi veldig glad for at det no skjer saker og ting, seier Tufta.

– Av det beste eg har sett

Dagleg leiar hjå Rådgivende Biologer AS, Geir Helge Johnsen, var fredag med til fangdammane på industriområdet til Liegruppen.

– Det er ikkje lett å reinsa alt,

men Liegruppen har noko av det beste eg har sett, seier han.

Johnsen meiner Liegruppen gjer det som er mogleg.

– Det vi har snakka om i dag, er eit veldig godt opplegg, og det kjem til å bli veldig bra, avsluttar Johnsen.

55 59 99 99
www.aleris.no/bergen

Legetime uten ventetid

-dag og kveld

Vi har allmennleger og spesialister innen bl.a.:

• Hjerte • Hud • Gynekologi • Neurologi • Sterilisering • Øre-nese-hals

Vi har også psykologer, tilbyr reisevaksinering og utsteder attester.

Ring 55 59 99 99 for bestilling eller se www.aleris.no/bergen

Velkommen til sykehuset i Marken!

Norges største kjede av private sykehus og medisinske sentre.

Aleris
Helse og omsorg hele livet